



Sondre Klyve frå Uskedalen vart i går tildelt prisen for beste nynorskbrukar på Rosendal ungdomsskule. Gaute Lund har helsingstalen.

**Kvinnherad mållag har dei siste 15 åra delt ut ein nynorskpris til den beste nynorskbrukaren på Rosendal ungdomsskulen. Etter samanslåinga med Husnes mållag gjeld ordninga også for Øyatun og Husnes ungdomsskular. I går kveld, på avslutningsfestane, vart utdelinga markert. Sondre Klyve frå Uskedalen fekk prisen på Rosendal ungdomsskule.**

Det var styremedlem Gaute Lund som sa fram helsing og delte ut prisen. Sondre Klyve har over tid synt at han er ein stødig nynorskbrukar og eit føredøme for medelevar og andre ungdomar på hans alder. Nynorsk har ein sterk og solid posisjon som ei av to målformer i Noreg. Meir enn 80000 elevar har nynorsk som sitt hovudmål og målforma er synleg og mykje brukt på alle samfunnsområde.

I helsinga til avgangselevane i går vart det framheva verdien av å vera trygg og medviten i bruken av dialekt og nynorsk. Forfallet og overgangen til bokmål er særleg stort etter tida på ungdomsskulen, på vidaregåande skule og seinare i arbeidslivet. I sosiale media er særleg presset stort og ein merkar ein klar tendens til at mange skriv bokmål på Facebook, sjølv om ein til vanleg brukar nynorsk. Konstanse Tveit, også frå Uskedalen, har vore kontaktlærer for denne klassen.

Prisen for beste nynorskbrukar i 10. klassane i Kvinnherad er ei pengegåve. På Husnes og Øyatun ungdomsskular vart desse tildelt nynorskprisen: Husnes: Hanna Sætre Sollien. Øyatun: Nils Magnus Berge.

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Bjørn Olav Tveit